

STATSFORVALTAREN I VESTLAND
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dato	31.10.2024
Vår referanse	2024/52996-7
Dykkar referanse	bea92ef2-1f75-4395-a033-
Sakshandsamar	ebc004ccb748
E-post	Bjørn Snorre Waage
Telefon	Bjorn.Snorre.Waage@vlfk.no 95976861

Innspel til oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan - verneområda på Hardangervidda

Vi viser til brev datert 11.09.2024 om oppstart av arbeid ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda.

Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at ein no set i gong prosessen med revisjon av forvaltningsplanen. Dagens forvaltningsplan er relativt gamal, og det har kome både ny bruk og mykje ny kunnskap om aktivitet på Hardangervidda til dei seinare åra, som gjer at forvaltningsplanen med fordel kan reviderast og tilpassast nye utfordringar for verneverdiane.

Det er ein rekke pågåande prosessar for bruk og vern av Hardangervidda, og vi meiner det er fornuftig at ein i denne samanheng òg ser på revisjon av forvaltningsplanen. Vi meiner at det er behov for ein endring av verneforskrifta, som mellom anna styrker ivaretaking av villreinen sine leveområde. Samstundes bør verneforskrifta oppdaterast slik at forvaltninga i større grad vert utstyrt med naudsynte verkemidlar for å kunne ivareta villreinen på Hardangervidda.

Vi stiller oss og positiv til at Statsforvaltaren ønskjer dialog med både fylkeskommune, kommunar, grunneigarinteressene og frivillige lag og organisasjonar i vidare prosess.

Regional plan for Hardangervidda

Vi har i dag eit godt samarbeid mellom statsforvaltarembetet og det regionale plannivået leia av fylkeskommunane kring Hardangervidda. Som ein del av oppfølging og gjennomføring av Regional plan for Hardangervidda, er det etablert eit Hardangerviddaråd. Rådet er ein politisk arena som er eit godt eigna utgangspunkt for dialog og samarbeid mellom både forvaltningsnivå og kommunar, både administrativt og politisk. Statsforvaltarane er representert i rådet. Fylkeskommunen stiller seg difor positiv til at Hardangerviddarådet vert inkludert i prosjektgruppa for ny forvaltningsplan, der leiar av rådet (pt. Ordførar i Eidfjord kommune) vert invitert til å delta. Vi oppmodar difor prosessleiar for ny forvaltningsplan til å nytte dette rådet som både diskusjons- og innspelsarena, og ein forankringsarena. Sekretariatet for det regionale plansamarbeidet stiller seg positive til å bidra med erfaring og kompetanse der det er formålstenleg, og inviterer òg til å nytte den administrative gruppa som ein ressursarena for revisjonsarbeidet.

Statsforvaltaren er godt kjend med fylkeskommunane sitt pågåande arbeid med regional sti- og løypeplan for Hardangervidda. Det er mange overlappande interesser mellom det fylkeskommunale arbeidet, og statsforvaltarens ansvarsområde i Nasjonalparken. Vi vil difor understreke at vi ønskjer å vidareføre det gode samarbeidet vi har i dag, både med tanke på

ferdigstilling av regional sti- og løypeplan og anna pågåande relevant forvaltningsarbeid på Hardangervidda.

Friluftsliv – eit regional perspektiv

Hardangervidda er eit svært viktig friluftslivsområde, med innfallsportar frå nær sagt alle sider av vidda. Fylkeskommunen har eit regionalt ansvar for friluftsliv, og vi ønskjer å legge til rette for ei forvaltning som og kan sikre gode friluftsmoglegheiter, men innafor ei ramme av «naturvenleg friluftsliv». Altså må vi søke å finne ein balanse mellom bruk og vern, som tek i vare viktige friluftsverdiar, samstundes som vi ser at ferdsel i større grad enn i dag må kunne styrast i tid og rom. Vi har til dømes stor forståing for at villreinen treng større frededelege lommar i terrenget utan stigar som barrierar, og at det i sårbare periodar som høgvinter og kalvingsperiode, er behov for meir ro på vidda. Friluftslova har eigne føresegner som skal ta i vare omsynet til natur og miljø (friluftslova § 11). Å kanalisere ferdsel til mindre sårbare område, til dømes gjennom nedlegging og omlegging av merka ruter, samt oppretting av nye, er etter vårt syn *ikkje* ein reduksjon av allemannsretten. Det er derimot ei oppfølging av naturomsynet i friluftslova.

Kulturminneforvaltning i Nasjonalparken

Vestland fylkeskommune ved Øystein Monsen stiller som representant i prosjektgruppa for ny forvaltningsplan, og vert på vegne av Buskerud, Telemark og Vestland ansvarleg for oppfølging av tematikk som gjeld kulturminnevern.

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planrettleiing/>

Oppsummering

Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til oppstart av arbeid med ny forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda. Vi har forståing for at statsforvaltaren ønskjer å gjere dei vurderingar som er nemnd i oppstartsvarelet, og bidreg gjerne i vidare arbeid og prosess der det er ønskjeleg. Vi syner til pågåande arbeid med regional sti- og løypeplan, samt samarbeidsarenaen rundt Hardangerviddarådet, og ser frem til vidare godt samarbeid.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Snorre Waage
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift